



HØYRING OG OFFENTLEG ETTERSYN

Heradsstyret gjorde i møte 22.02.2023, i sak 007/23 følgjande vedtak:

1. Heradsstyret vedtek med dette oppstart av kommunedelplan for kulturmiljø, PlanID 4630 2023 001, jf. plan- og bygningsloven § 11-13.

Kommunedelplan for kulturmiljø 2024-2033 planID; 4630 2023 001

Planprogrammet er ein revisjon av planprogrammet som vart sendt på høyring i 2016 etter vedtak i formannskapet 21.11.2015 (saksnr.096/15). Grunna personalskifte i planavdelinga stogga arbeidet med kulturminneplanen og planprogrammet vart aldri ført til godkjenning av Heradsstyret. Planarbeidet har lagt på is fram til 2022. Det vert no utarbeida revidert planprogram og meldt ny oppstart av planarbeid. Det er høve til å kome med merknader og innspel.

Arbeidet med kommunedelplan for kulturmiljø vil gå føre seg parallelt med revisjon av kommuneplanen sin arealdel.

Planprogrammet ligg til gjennomsyn i Osterøy rådhus servicekontoret og Osterøy bibliotek. Dei kan og sjåast på [www.osteroy.kommune.no](https://www.osteroy.kommune.no/innhald/politikk-og-hoyringar/hoyringar-og-kunngjeringar/hoyring-og-offentleg-ettersyn---planprogram-for-kommunedelplan-idrett-og-fysisk-aktivitet-i-osteroy-kommune/): <https://www.osteroy.kommune.no/innhald/politikk-og-hoyringar/hoyringar-og-kunngjeringar/hoyring-og-offentleg-ettersyn---planprogram-for-kommunedelplan-idrett-og-fysisk-aktivitet-i-osteroy-kommune/>

Eventuelle merknader og innspel kan sendast til Osterøy kommune: post@osteroy.kommune.no (merk gjerne epost med «merknad» og «Kulturmiljø»).

Frist for å kome med merknad er **28. april**.

Spørsmål kan rettast til leiar av planavdelinga v/ Pelle Engesæter, telefon 56192253 eller på epost til: pelle.engeseter@osteroy.kommune.no